

Ny runde med Operasjon Buskmann?

03.07.2014



Her var det god utsikt mot sentrum, men ikkje no lenger.

Hugsar du at det for mange år sidan vart gjennomført ein aksjon som vart kalla Operasjon Buskmann? Den' gjekk ut på å fjerna vegetasjon som var eit problem for trafikken. Mykje tyder på at det bør bli ein ny runde også hos oss i Uskedalen. Vi har tidlegare peika på at ein ikkje ser trafikken inn mot brua når ein kjem ned vegen på Kjerlandsido. Men det stoppar ikkje der.

No har det også vorte slik at folk som bur sentralt knapt ser sentrum og båthamna. Mange hus og tun er 'borte' for dei som kjem sjøvegen og både innsyn og utsyn er sperra både her og der.

Det gjeld til dømes området ved Nedre Fet. Før hadde dei som bur der god utsikt mot sentrum, campingen og Stølavikjo, men no ser dei ikkje noko, påpeikar ein av oppsittarane.

Men vegetasjonen er i privat eige og kan berre fjernast etter oppmoding og godvilje, Kven tar initiativet?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen